

BORGUND VIDAREGÅANDE SKOLE

TALE TIL VG1, VG2 og VG3 ELEVANE VED SKOLESTART 19. AUGUST 2009

Det har vore tre oppstartsamlingar. Under finn de rektor sine velkomstord for dagen, samla. Fokus i talen til VG1 elevar var om identitet, til VG2 og VG3 elevane om integritet.

Nokre velkomstord -

Kjære elevar -

Først litt spesielt til VG1 elevane.

Det er alltid veldig spennande med første skoledag for oss på skolen. Dokke som er her, er veldig heldige som har fått skoleplass. Svært mange står på venteliste på vår skole – tilsaman så står 95 elevar med Borgund som 1.prioritet på venteliste på VG1.

Det er alltid veldig spennande med første skoledag for oss på skolen. Vi er spente på kven som skjuler seg bak namna som vi har fått på lister til skolen. Skolen har altså fått visst litt om identiteten din. Identitet ja – veit du kva det er? Det gjer du heilt sikkert – for du har sikkert i 10. klasse laga Boka om meg sjølv eller noko liknande...

Identitet handlar nemleg om kven du er – vi har fått vite namn, adressa di, telefonnummer, fødselsdato og personnummer. Men veit vi kven du er av den grunn? Nei, det veit vi neppe – viss dette var for 150 år sidan, så kunne det sikkert fortalt meg mykje – berre adressa di og kven foreldra var den gongen, kunne fortalt oss med meir enn 90% sikkerheit om kva du kom til å arbeide med, kvar du kom til å bu og kven du kom til å ha som vener, kvar du kom til å leve og døy. I dag er det einaste som er heilt sikkert, er at dette veit vi lite om. Mest sannsynleg så har du ikkje heilt oversikta sjølv heller. Medan oldefaren og oldemora di hadde svært få val, bestemora di og bestefaren din hadde også svært få val, i alle fall når dei var på din alder, så har du uendeleg mange val. Du har mange fleire rettar enn dei hadde og ei friheit som dei berre kunne drøyme om. Og no har du faktisk valt eit utdanningsprogram. Gjennomsnittleg har 83% av dokke som står her, dvs meir enn 8 av 10 av dokke, hatt det utdanningsprogrammet de har kome inn på som 1. val. Men sjølv om de har valt eit utdanningsprogram, så er valfridomen dykkar for vidare karriere større enn den nokon gong har vore. Så sjølv om du no har valt eit utdanningsprogram, har du framleis mange val du skal gjere. Kvifor har du forresten valt som du har gjort? Er det fordi du veit kven du sjølv er? Eller vil du finne ut meir om kven du er eller kan vere? Før prata vi om identiteten vår som noko fast, noko som berre var slik. Ja,

heldigvis er det mange ting som er faste i dag også, feks kven som er foreldra dine og syskena dine, kvar du vart fødd – men i vår tid har identiteten til eit menneske noko uferdig ved seg nesten heile livet. Vi kan gjere val om vennar, arbeid, fritidsaktivitetar som kanskje strekkjer seg lengre enn det vi veit i dag, for det kan dukke opp noko spennande og nytt i morgon. Det å vere med å skape sin eigen identitet, er på mange måtar sjølvrealisering. Og det er ein balansegang mellom utruleg mange risikoar og mulegheiter. Å vere med å skape sin eigen identitet vil nok seie at du prøver å skape ei forståing av deg sjølv som vil fungere i dei fleste av livets situasjonar. Det å vere VG1 elev, er ein viktig del av livet der du tek svært mange val, der du er med å bestemme korleis andre skal forstå deg og oppleve deg. Du som er VG1 elev i år har faktisk utruleg mange val, og her på Borgund vgs forventar vi at du tek dei rette vala når det gjeld korleis du skal vere på skulen. For Borgund vgs er ein skule, og samfunnet set sin lit til at du lærer det du treng for å kome vidare i utdanninga di og at du blir ein samvitsull samfunnsborgar. Det er faktisk dei viktigaste grunnane til at du er her.

Vi veit at dei gode vanane som du kan velje, vil bli ein viktig del av identiteten din, på same måte som dei dårlege vanane også kan bli ein viktig del av identiteten din, men som du kanskje ikkje hadde tenkt skulle bli det. Du veit noko om kven du er på skulen, korleis du var på ungdomsskulen og du veit noko om kven du vil vere. Du veit at dersom den du vil vere ikkje er heilt den du var, ja så kan du faktisk gjere noko med det. Og her på Borgund så forventar vi at du øver deg på å vere den du vil vere. På same måte som vi som arbeider her gjer det. Vi er også berre menneske som sjølv om vi er vaksne, må øve oss på å vere den vi eigentleg ønskjer å vere.

Å vere seg sjølv og utvikle seg sjølv og sin eigen identitet er noko vi alle saman gjer i møte med andre. Eg håper at du i dette møtet vil vere ein elev som torer å seie det som er rett enten det er til den beste vennen din, den kjekkaste læraren eller til dei du ikkje likar så godt. At du vil fylgje dei reglane som finst fordi dei faktisk skal gjere det hyggeleg å vere her, hjelpe andre til å gjere det same og vere vennleg mot alle dei du likar kjempegodt og dei du likar litt mindre. Då trur eg at du vil lære mykje og ha eit godt skoleår, og eit skoleår der du blir den du ønskjer å vere.

Så spesielt til VG2 og VG3 elevane

Sjølv om vi kjenner mange av dykk, er det også mange vi berre har sett namna på, på ei liste. Og de som vi kjenner frå før, har blitt ein sommar eldre og arbeidslivet nærmar seg raskt. Til VG1 elevane prata eg om identitet. Det å skape ein del av identiteten sin. Til dokke som er både eit, to og tre år eldre (og nokre meir), vil eg prate om eit omgrep som er veldig nært til omgrepet identitet. Det er omgrepet integritet.

Personleg integritet – betyr at ein person handlar slik han/ho meiner er rett. Når vi seier at eit menneske har høg personleg integritet, så meiner vi eit menneske som i dei fleste livets situasjonar, vil handle ut frå det han/ho meiner er rett.

Eit slikt menneske trur eg at vi alle ønskjer å vere. Innerst inne ønskjer vi å vere personar som andre likar. Og kven er det vi har lett for å like? Jau, eg trur vi alle er samde om at vi likar personar som er til å stole på.

No har du valt eit programområde som snevrar inn utdanninga di, men som også gir deg mange mulegheiter. Og kanskje er du ikkje lengre i det faget du utdanna deg i om 20 år. Men er det vits i utdanning då? Ja, så absolutt - alle fag formar oss, dei gir oss strukturar og modellar å tenkje i, dei utviklar logikken vår, og dei lærer oss om rett og gale. Det handlar både om rett og gale i høve til kva som vil fungere best, men også om rett og gale i høve til kva som er best for oss som menneske. På denne måten er faga med på å utvikle oss som heile menneske, og opplæringa i faga vil påverke utviklinga av den personlege integriteten vår. Å lære eit fag og å utøve eit fag, gjer oss trygge. Vi lærer oss rutinar, å halde det vi avtalar, i faga øver vi oss på å bli menneske som er til å stole på. I år får de endå meir praksis ute i bedrifter. De skal møte andre fagpersonar med dykkar fagkompetanse og utøve faget saman med andre. Desse møta mellom deg og dei andre – enten det er lærarar, andre elevar eller fagpersonar ute i bedriftene du møter, blir spennande møte for fagleg og personleg utvikling. Å øve seg i eit fag, vere nøyaktig, følgje prosedyrar, vite kvifor ein gjer kva, er også ei øving for utvikling av integriteten, i første hand den faglege integriteten, men den blir etter kvart ein del av både identiteten din og den personlege integriteten.

Den viktigaste grunnen til at samfunnet spanderer pengar på at du skal få gå på skule, er at fellesskapet – det norske samfunn og verdssamfunnet for den del, treng kompetansen og samvitsfulle samfunnsborgarar. Sjølv sagt er det viktig at du også får det bra og har det godt. Det norske samfunnet og verdssamfunnet treng menneske med godt utvikla integritet. Verken det å utvikle identitet eller integritet er noko nytt fenomen i historia

Joseph Rudyard Kipling f. 1865 og d. 1936 -britisk forfattar og nobelsfredsprisvinnar i 1907 – har skriva eit dikt som blir rekna som ein klassikar i litteraturen – det heiter If. Du skal no få høyre dei to siste versa, gjendikta til norsk av Andre Bjerke. Du finn det på nettet og du kan høyre og sjå det på YouTube både på engelsk og norsk. Ein forfattar i vår tid, hadde nok tenkt på likestilling – så før de får høyre, må eg seie at det like viktig at døtre blir kvinner som at søner blir menn....

- Hvis du kan våge alt på samme terning,
 - —et enkelt kast på livets spillebord—
 - tape alt—og gjenoppta din gjerning,
 - men aldri nevne tapet med et ord,
 - Hvis du kan ta din tårn og ikke gi opp,
 - men sette inn hver fiber i din kropp
 - og holde ut når alt forstummer i deg
 - unntagen viljens røst: “Gi aldri opp”.
-
- Hvis du kan si til massen hva du mener
 - og selv blant konger åpent mene ditt,
 - hvis du er alles hjelper, ingens tjener,
 - hvis du mot venn og uvenn kan stå fritt,
 - Hvis du kan fylle hvert minutt av tiden
 - med seksti solsekunder,—da som lønn
 - er jorden din med alt som finnes i den,
 - og—enda mer—du er en mann, min sønn.

Til dykk alle!

Lukke til dette skoleåret, med å ta din tårn og ikkje gi opp, med å lytte til viljens røst «Gi aldri opp». Lukke til med å vere alles hjelper, ingens tjener og med å fylle kvart minutt av tida med seksti solsekund. Og som lønn, skaper du din identitet som fagperson og eit fantastisk medmenneske, og du utviklar både faglege og personlege integriteten.

**Jessie Strand Fagervoll
rektor**